



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 24.10.2008.

Til
Sogn og Fjordane Bondelag v/leiar.
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag v/leiar.

Slaktetilskot til kje, endring av vektgrense.

Det har gjennom mange år vore lagt ned mykje arbeid for å få til omsetnad og pris på kjekjøtt som gjer denne produksjonen interessant både for slakterisamyrkje og produsent. Ei arbeidsgruppe samansett av personar frå den gongen Vestlandske Salslag og geitemiljøet tok for alvor tak i dette arbeidet.

Bakgrunnen for arbeidsgruppa var dårleg pris til produsent og lite omsetnad av kje. Dette resulterte i at fleire titusen kje vart avliva rett etter fødselen og kasta kvart år. Dei fleste var samde om at denne sida ved geitehaldet måtte gjerast noko med.

Resultatet av gruppa sitt arbeid var at det blei innført ein kontraktproduksjon for kje i vektgruppe 3,5 – 7,0 kg for geitehaldarane i Vestlandske Salslag sitt område. Seinare vart dei same vektgrensene ”importert” til andre område av landet.

Vektgrensa 3,5 – 7,0 kg vart bestemt etter tett samarbeid med hotell- og restaurantmarknaden med bakgrunn i at ein rekna med størst sal dit. Det har synt seg å vere rett.

Ordninga med kontraktproduksjon løfta prisen til produsent opp på eit nivå som gjorde at fleire såg oppføring av kje som eit godt alternativ sjølv om fortienesta framleis ikkje var stor. Kontraktproduksjonen blei teken bort for eit år sidan slik at same ordninga no gjeld alle geitehaldarar i landet som leverar til Nortura.

Etter mykje masing vart det innført eit tilskot over jordbr. avtalen til kje levert til slakteri. Logisk nok følgde vilkåra for tilskotet dei same vektgrensene som Nortura sine.

Seinare har Nortura opna for å betale same prisen til kje som har gått på beite og vert slakta om hausten. Med dette syntest mykje å vere på plass kva angår mulegheita for å produsere kjekjøtt.

Fortienesta ved kjekjøtt- produksjon er framleis ikkje av den beste og vert dårlegare di lenger kjea må forast. I tillegg utviklar det seg eit aukande plassproblem i mange geitefjøs i takt med storleiken på kjea.

Ved siste jordbruksavtala vart nedre vektgrense for slaktetilskot heva frå 3,5 – 5,0 kg. Endringa synest ikkje forankra i næringa og er svært dårleg motteken både hos Nortura og produsentane. (jmfr. veddlagde skriv frå Sau og Geit og Nortura)

”Geit i Vekst” tok saka opp med Norges Bondelag. Fagsjef Anders Huus i Bondelaget uttalte at nyordninga vart innført fordi avtalepartane trudde det ville vere positivt med litt større kje i marknaden. Vidare vart det sagt at den ikkje vil gjelde for kje lever i 2008.

Prosjektet ”Geit i Vekst” starta 1. januar 2007. Prosjektet kom i gong med bakgrunn i ei fleireårig negativ utvikling innafor geitehaldet på Vestlandet.

Prosjektet har fire hovudarbeidsområde:

- Mjølkeproduksjon
- Kjekjøt
- Lndskapspleie med geiter og kje
- Bygningar for geit

Prosjektleiari har samarbeidd tett med Nortura for å få på plass ein betre pris for større kje (kje over 7,0 kg.) og med FMLA Sogn og Fjordane om eit rettleiingshefte for landskapspleie med geiter og kje. Målet med samarbeidet var å legge forholda best muleg til rette for ein auka kjekjøtproduksjon.

Den nye vektgrensa for slaktetilskot er ikkje akkurat noko positivt bidrag. Hadde avtalepartane brydd seg med å undersøke litt om kva næringa sjølv meiner kunne dette vore unngått.

No må kravet vere at Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget sørger for at vektgrensa blir tema under justeringsforhandlingane i haust og at grensa blir justert attende til 3,5 kg frå 1. januar 2009. Det vil i tilfelle hindre verknaden av dei negative utslag som den auka vektgrensa har i seg.

Med helsing

Ola Søgnesand

Kopi til:

Sau og Geit i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
Nortura.